




PLAN FOR KLIMA OG ENERGI I GISKE KOMMUNE

Høringsversjon 00.00.2019

FRAMLEGG

Oppstart av planarbeid og forslag til
planprogram

Angelica Talley

Avdelingsingeniør



Giske kommune
Historisk og framtidsretta

Innholdsfortegnelse

Innleiing.....	2
Føremål med planarbeidet	3
Status og utfordringar	3
Organisering, planprosess	4
Medverknad.....	5
Alternativ som vil bli vurdert	6
Framdrift.....	7

Plan for klima og energi i Giske kommune

Innleiing

Vi varslar om oppstart av arbeid med ny temaplan for klima- og energi. Samstundes legg vi framlegg til planprogram ut til offentlig ettersyn. Merknader til planprogrammet vert å sende **Giske kommune, Valderhaug 4, 6050 Valderøy** eller **post@giske.kommune.no**, innan **08.08.2019**. Etter høyringa vil kommunestyret vedta endeleg planprogram.



Føremål med planarbeidet

Planarbeidet skal styre arbeidet mot reduksjon i utslepp av klimagassar, redusert energibruk, redusert avfall og meir bruk av energi frå fornybare kjelder fram mot 2030. Planen skal vise status, samt kommunen sine mål og tiltak, og omfatte kommunen si rolle som mynde og samfunnsaktør med ansvar for planlegging og rollene som tenesteytar, innkjøpar, eigedomsforvaltar mm. Planen skal gjelde perioden 2020 til 2030.

Status og utfordringar

Gjennom Parisavtalen har Noreg slutta seg til måla om å avgrense temperaturstigninga på jorda frå 1850 til 2100 til godt under 2 grader Celsius. Avtalen pliktar også landa å arbeide for å avgrense temperaturstigninga til 1,5 grader.

Noreg skal kutte i utsleppa av klimagassar fram til 2020 med 30 % av utsleppa i 1990, og har rapportert inn mål om å kutte 40 % innan 2030. Gjennom klimalova har Noreg også lovfesta eit mål om eit lågutsleppssamfunn i 2050. Fylkesdelplan for energi og klima 2015-2020 synleggjer forskjellige utfordringar for Møre og Romsdal, og dei overordna løysningsforslag for at fylket skal kunne komme i mål. Kommunane lyt ta sin del av ansvaret.

Giske kommune sin eksisterande plan for klima og energi vart vedteken av kommunestyret 11.05.2010. Planen er tilgjengeleg under saknr 033/10, med arkivreferanse 10/593, eller under følgende linken <https://www.giske.kommune.no/tenester/teknisk/planar/>. Planen gir mål om å redusere klimagassutsleppa samla sett med 20 % innan 2020 fordelt på både bygg (energi), transport, forbruk/avfall, næringsliv og landbruk, samt mål om tilsvarende reduksjon i energiforbruk og auka fornybar andel både for eigne bygg og kommunen som samfunn. Ansvaret er i handlingsdelen fordelt ned på ein skilde sektorar i kommunen, med fristar for gjennomføring. Eit sentralt grep var rapportering på oppfølging i årsmelding på gjennomføring av klima og energitiltak. Evalueringa syner at dette ikkje har vore følgt godt nok opp. Klimagassutsleppa frå Giske kommune har i følgje Miljødirektoratet sin statistikk auka frå 2009 og til 2016. Det er utarbeidd ei eiga evaluering av oppfølginga av dagens klimaplan som ligg vedlagt.

Kommunestyret har gjennom kommunal planstrategi vedteke at klimaplanen skal reviderast. Det vert synt til at arbeidet med ny digital rettleiar og tilgang til betre statistikk fordelt på kommunenivå. Rettleiaren legg td ikkje opp til å rekne om klimaeffekt av energiforbruk slik det vart gjort i dagens plan, men til å sette eigne mål for energiforbruk og eigne mål for direkte klimagassutslepp.

Samfunnsdelen av kommuneplanen har følgjande hovudmål fram til 2026 :

- Vere ein god plass å bu – der alle vil bu
- Ha gode levekår
- Ha fokus på energisparing og reinare miljø
- Ha låg risiko og sårbarheit (ROS)

Organisering, planprosess

For å oppfylle krav i statleg retningsline av 04.09.2009 om klima- og energiplanlegging vil kommunen utarbeide ein ny temaplan som erstatter planen vedtatt i 2010.

Det er alt etablert eit samarbeidsforum for kommunane på Sunnmøre gjennom Sunnmøre Regionråd som skal bistå i arbeidet. Rådmannsgruppa er styringsgruppe for samarbeidsforum. Samarbeidet med regional mynde, andre kommunar vert organisert gjennom samarbeidsforumet. Det vert også innkjøp av ekstern bistand til utgreiingar som er felles for fleire av kommunane. Det kan også vere aktuelt å køyre felles prosessar og fagsamlingar saman med andre liknande samarbeidsfora, td Klima Østfold.

Sjølve utarbeidinga av planen vert leia av avdelingsleiar for bygg og eigedom med ingeniør som planleggar. Ein ønskjer å involvere heile kommuneadministrasjonen, med vekt på seksjon eigedom, tekniske tenester, økonomi, næring og landbruk som dei mest sentrale .

Giske planforum vert sett ned som ei administrativ arbeidsgruppe som skal ha om lag månadlege møte. Gruppa skal vere diskusjonsgruppe for planleggar, staben, og einingsleiarar deltar aktivt i planarbeidet. Arbeidsgruppa har følgjande medlemmer:

- Rådmann
- kommunesjefar
- einingsleiarar for kultur, næring, og teknisk
- folkehelsekoordinator
- planleggar
- næringssjef
- einingsleiar for teknisk eining
- avdelingsingeniør
- leiar for bygg og eigedom, etter behov

Styringsgruppe for arbeidet vil vere formannskapet og kommunestyret. Styringsgruppa vil bli orientert om framdrift i planarbeidet, og verte førelagt prinsipielle avgjerder. Høyring og vedtak vil elles skje etter reglane i forvaltningslova og kommunen sine prosedyrar, der formannskapet og kommunestyret kan kome med sine innspel .

Medverknad

Det må leggjast opp til god medverknad for å sikre mest mogleg engasjement frå diverse partar. Det er ønskeleg med medverknad frå statleg og regionale institusjonar, næringslivet, interkommunale selskap, frivillige lag og organisasjonar og lokal befolkningen. Tilbakemeldingar og samarbeid med diverse partar skal bidra til vidarearbeid i samband med planarbeidet og framtidig tiltak.

Det kan vere aktuelt å arrangere fellesmøter, eller direkte informasjonsmøter knytt til høyringa av planutkastet, for td leiarane i ungdomsråda. Elles vil ein nytte elektronisk kommunikasjon gjennom kommunane sine heimesider, sosiale media, lokalaviser o.a.

For å skape mest mogleg engasjement og få mest mogleg medverknad , skal planframlegget leggjast til høyring etter prinsipper brukt i plan- og bygningslova. § 11-14, jf. § 5-2 for kommunedelplanar. Planframlegget og den ferdige planen skal vedtas etter forureiningslova §9 og forvaltningslova § 37.



Alternativ som vil bli vurdert

Planen skal vurdere ulike typar tiltak som kan gje reduksjon i utslepp av klimagassar, redusert energibruk og auka andel fornybare energi. Der det er mogeleg skal mål og tiltak tidfestast, kostnadsreknast og effekten skal talfestast (kWh eller tonn CO₂-ekvivalentar). Miljødirektoratet sine tiltaksberekningar som er under utarbeiding skal nyttast så langt som råd. Det skal lagast framskrivingar som syner klimagassutsleppa fram mot 2030 med og utan gjennomføring av tiltak.

Målsetjinga i planen skal munne ut i eit handlingsplan som skal fordele ansvar. Det må vidare gjerast ei vurdering av kor detaljert handlingsplanen skal vere og om det eventuelt bør avgrensast til strategiar som vert følgt opp i utarbeiding av meir konkrete årlege tiltak som eit klimabudsjett/rekneskap knytt opp mot økonomi og budsjettarbeidet.

Planen må avklare korleis ein kan sikre at mål og tiltak frå handlingsdelen vert teke inn i kommuneplanens areal- og samfunnsdel, økonomiplanen og årsbudsjettet.

I følgje Miljødirektoratet sin kommunefordelte klimagassstatistikk er det sjøfart, lufttrafikk, vegtrafikk, og jordbruk som er største kjeldene til direkte klimagassutslepp i kommunen.

Ein vil difor i planarbeidet leggje hovudvekt på følgjande tema:

- Erfaring frå evaluering av eksisterande plan og oppfølging av den
- Mål og statistikk over utvikling og framskriving av utslepp av klimagassar,
- Etablering av metodikk (td klimagassrekneskap) for årleg ajourføring av klimagassutslepp,
- Utgreiing av tiltak innan arealplanlegging, avfall, avløp og jordbruk
- Stasjonær energiforbruk og energieffektivisering
- Tilrettelegging for lokal utsleppsfri transport, herunder kollektiv og gang/sykkel. Det er en regionalplan for transport under arbeid
- Engasjering av innbyggjar i miljøarbeidet
- Miljøkrav ved offentlege innkjøp

Framdrift

Arbeidet vert finansiert med bruk av egne midlar, samt tilskot til samarbeidsforumet gjennom Miljødirektoratet si ordning for Klimasats, der kvar kommune som deltek i klima og energinettverket kan få inntil kr 25 000,- pr år. I tillegg skal kommunen bidra med eigen innsats og naudsynt støttemateriell for drøfting av planen.

Ein tek sikte på planvedtak i kommunestyret hausten 2020. Det er sett opp følgjande framdriftsplan

	2019		2020				2021
	3. kvartal	4. kvartal	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	1. kvartal
Høyring planprogram Varsel om oppstart							
Vedtak planprogram							
Arbeid med plan							
Medverknad							
Offentleg ettersyn							
Handsaming innspel							
Vedtak av plan							